

## **Årsmøte i Bergen ungdomslag Ervingen** **onsdag 15. februar 2012, kl. 18.00**

Det møtte 31 delegatar med røysterett og 3 utan røysterett.

Maria S. Toppe og Guro Haugen spelte "Von", av Lars Skjervheim.

### **Sak 1 Velkomen / opning**

Borghild M. Opdahl ynska velkomen, og årsmøtet hadde eitt minutt stilla for dei som har gått bort i året som gjekk.

### **Sak 2 Konstituering**

2.1 godkjenning av innkalling, vart send ut 14. januar.

**Vedtak: Godkjend**

2.2 godkjenning av saklista, vart send ut 14. januar.

**Vedtak: Godkjend**

2.3 val av ordstyrarar, som takk for tilliten

**Vedtak: Arnvid Underlid og Brit K. Sørland**

2.4 val av skrivarar

**Vedtak: Gro Vetås og Terje Furenes.**

2.5 val av protokollunderskrivarar

**Vedtak: Sigrid Ølmheim og Kirsten Brekke.**

2.6 val av teljekorps

**Vedtak: Grete Oline Hole og Torbjørn B. Lauen.**

### **Sak 3 Årsmelding med arbeidsprogram 2011 - 2012 for Bergen ungdomslag Ervingen**

Mari S. Lysne frå styret innleia i saka.

Ho trakk fram dei to store framsyningane "Danseskostredet" og "Veslefrikk med fela", som laget har hatt i året som gjekk. Styret er oppteken av kvalitet på øvingar og tilskipingar, og har gjennom året utarbeid styringslinjer for lagsdrifta.

*Tilråding frå rådet 26. januar: Årsmeldinga for 2011 vart tilrådd.*

Desse hadde ordet i saka: Torgrim Ljones, Eldbjørg Gunnarson, Grete Oline Hole, Knut Malkenes, Svein I. Støve og Astrid Sirnes.

Årsmøtet fekk ei munnleg melding frå Ervingen Lagsbruk AS ved Øystein Erstad. Han gjekk gjennom strukturen for dei nye selskapa, og korleis arbeidet i Ervingen Lagsbruk AS går.

Rekneskapan for 2011 er førebels ikkje klart. Dette er det første heile året med drift i det nye selskapet. Ervingen kulturhus får ny leigetakar i 1. etg. Leigekontrakten med Bergen kommune, i Fensal, er forlenga med 5 år. Drifta går i tradisjonelle spor. Ervingen Eigeendom AS har Hordaheimen som leigetakar, samt 3 andre små leigetakarar. Aksjeselskapa er til for å trygga eiga lagt. Selskapet har hatt ein

rettstvist med entrepenørane, som har gått gjennom tre rettsinstansar og avslutta i høgsterett i desember. Tvisten enda uavgjort. Hotellet er godt plassert i marknaden. Hordaheimen AS driv bra, hadde godt belegg i 2011 og var på 1. plass i besøkte hotell i Bergen. Datterselskapet "Sandviken brygge hotell" vart starta i 2010, og er ein prøveballong som førebels ikkje har gitt noko overskot. Fonds- og eigedomsstyret er generalforsamling i Ervingen Lagsbruk. Det er ei effektiv styring, men lite demokratisk.

Desse hadde ordet i saka: Astrid Sirnes, Torgrim Ljones, Knut Malkenes, og Frode Myhra.

Mari S. Lysne oppsummerte arbeidsprogrammet for 2011-2012. Styret ville trekkja fram ein del av dei immaterielle verdiane i laget. Arbeidsprogrammet er eit levande dokument.

Desse hadde ordet i saka: Sigrid Ølmheim, Frode Myhra, Astrid Sirnes, Rigmor N. Vaular.

#### **Vedtak:**

- a. **Årsmøtet godkjenner årsmelding for 2011 for laget, med dei merknadene som kom fram på møtet.**
- b. **Årsmøtet tek melding om arbeidet i Ervingen Lagsbruk AS til vitande.**
- c. **Årsmøtet tek melding om arbeidet med arbeidsprogrammet til vitande.**

#### **Sak 4 Rekneskap for 2011**

Borghild M. Opdahl frå styret innleia i saka. Ho kommenterte dei største avvika i høve budsjett, samt rekneskap for 2011. Overskot på om lag 64.000,- i 2011, som vert tilført eiga.

*Tilråding frå rådet 26. januar: Rekneskapen for 2011 vert tilrådd.*  
Arnvid Underlid las melding frå revisorane.

Torgrim Ljones frå fonds- og eigedomsstyret la fram rekneskapen for Reservefondet. Siste justeringane vart gjort like før årsmøtestart. Rekneskapen er ikkje revidert enno.

Desse hadde ordet i saka: Øystein Rambjørg, Halvor Røyseth, Knut Malkenes, Torgrim Ljones, Frode Myhra og Øystein Erstad.

#### **Vedtak:**

- a. **Årsmøtet tek meldinga frå revisorane til vitande og godkjenner rekneskapen for 2011, overskotet vert lagt til eiga.**
- b. **Årsmøtet gjev Rådet fullmakt til å godkjenna revidert rekneskap for fonds- og eigedomsstyret 2011.**

Årsmøte song "Tytebæret". Pause med mat og kaffi. Helsing frå lagsleiar Håvard som ynskjer lukke til med årsmøtet.

### **Sak 5 Endring i styringsføresegner for reservefondet**

Stig Vaular frå styret innleia i saka. Bakgrunnen er situasjonen der fondet er innretta ein renteberande situasjon. Framlegget byggjer på eit framlegg frå fonds- og eigedomsstyret. Lagsstyret har gjort nokre språklege endringar, presiseringar og direkte endringar. Endringar skal sendast til medlemmane minst 1 månad før årsmøtet. Framlegget er formulert slik at ein skal forstå det, og bakgrunnen for det. Med bakgrunn i paragraf 8 i lagslova, har styret ikkje send ut framlegget med endringane som Rådet har kome med. Årsmøtet må ta stilling til %-vis fordelingsnøkkel i fri og bunden fondsmiddel.

Ordstyrar Brit orienterte om saksgangen. Det viktige for laget er at ein får gjort eit konstruktivt og godt vedtak, som gjer at pengane kan verta nytta og kjem inn i lagsdrifta. Framlegget vert drøfta som ein pakke, som vert vedteken eller ikkje vedteken, med 2/3 fleirtal, med ei prøverøysting først. Dette gjeld særleg tillegget frå Rådet.

Det er ikkje berre innretting av obligasjonen som gjer at det vert teke opp eit framlegg til endring. Små søknader bør i framtida også verta retta til lagsstyret. Reservefondet er til, dersom laget treng større stønad / har eit stor underskot osb.

Prøverøysting: Ingen i årsmøtesalen er i mot nye styringsføresegner.

Framlegg frå Halvor: Paragraf 3 i det nye framlegget: stryk: "som skal verdiregulerast fyrste gong 1. januar 2013."

Framlegg frå Eldbjørg: Språkvask dokumentet.

Framlegg frå Rådet: Paragraf 6 i det nye framlegget: "Alle løyvingar under §6.1 og §6.3 skal skje etter søknad".

*Tilråding frå Rådet 26. januar: Endring av styringsføresegner for Reservefondet vert tilrådd med eit tillegg under pkt. 6.1 og 6.3: "Alle løyvingar under §6.1 og §6.3 skal skje etter søknad".*

Desse hadde ordet i saka: Halvor Røyseth, Frode Myhra, Stig Vaular, Torgrim Ljones, Halvor Røyseth, Eldbjørg Gunnarson, Borghild Opdahl og Sverre M. Sundvor.

#### **Vedtak:**

<b>Årsmøtet vedtek framlegget til nye styringsføresegner for Reservefondet, med dei endringane som kom på årsmøtet.</b>
---

### **Sak 6 Budsjett 2012**

Borghild M. Opdahl frå styret innleia i saka. Framlegget er laga på grunnlag av innspel frå særlaga, og rekneskapen for 2011.

*Tilråding frå Rådet 26. januar: Budsjett for 2012 vert tilrådd.*

Desse hadde ordet i saka: Torgrim Ljones og Knut Malkenes.

**Vedtak:**

Årsmøtet vedtek framlegget til budsjett for 2012.

**Sak 7 Medlemspengar 2013**

Mari S. Lysne frå styret innleia i saka. Mororganisasjonane endrar ikkje medlemsavgift i 2013. Difor går heller ikkje lagsstyret inn for endring.

Desse hadde ordet i saka: Sissel Ingunn Nordstad og Annbjørg Fadnes Kyrkjebø.

**Vedtak:**

**Medlemspengar 2013:**

Vaksne	kr 700	(inga endring)
Ungdom t.o.m. 26 år	kr 500	(inga endring)
Barn t.o.m. 14 år	kr 450	(inga endring)

I tillegg kjem aktivitetsavgift for medlemar som deltek på ein eller fleire faste øvingar i laget; kr. 100,- pr. halvår.

**Sak 8 Fråsegner**

Ingen fråsegner.

**Sak 9 Val**

Rigmor N. Vaular frå valnemnda la fram saka. Mange skal velgast, mange har vorte spurd, og sagt ja. Alle plassane inneheld namn. Dei som har sagt seg viljuge er klar over at dei har ein jobb å gjera, og at ein ventar at dei gjer ein god jobb.

Styret er vanskelegast å få folk til, særleg leiarvervet. Valnemnda legg fram eit framlegg med flatt styre. Dersom det vert flatt styre, er Rådet og leiaren i Rådet innstilt på å støtta og hjelpa når det trengst.

Brit K. Sørland oppmodar Borghild til å verta leiar, og ber ho om at Borghild takkar ja til dette.

Borghild har vorte spurd av valnemnda, og takka nei til dette. Ho trur at eit flatt styre er like bra, fordeling av ansvar med Rådet. Ho takkar for fine ord, men nei til leiarvervet.

Flat styrestruktur har fungert før. Årsmøtet meiner at ein skal ha respekt for folk sine svar og avgjerder, og følja valnemnda si innstilling. Kontaktpersonar i styret må fordelast seinare. Styret er klar over at ein jobbar annleis med flatt styre, enn med ein leiar.

Desse hadde ordet i saka: Brit K. Sørland, Borghild M. Opdahl, Torgrim Ljones, Øystein Erstad, Astrid Sirnes, Mari S. Lysne og Rigmor N. Vaular.

**Vedtak:**

Lagsstyret

Styremedlem	Mari Skjerdal Lysne	på val, 2 år
	Birgit Årdalsbakke	
Styremedlem	Mjeldheim	på val, 2 år
Styremedlem	Sverre Sundvor	Utfyllingval, 1 år
Styremedlem	Borghild M. Opdahl	ikkje på val, 1 år att
Styremedlem	Anbjørg M. Bergwitz	ikkje på val, 1 år att
Varamedlem	Nina Tolo Ness	på val, 1 år
Varamedlem	Terje Furenes	på val, 1 år
Varamedlem	Guro Haugen	på val, 1 år

#### Rådet

Leiar	Astrid Sirnes	på val, 1 år
Medlem	Aud Fjeld	på val, 2 år
Medlem	Ole Ekornes	på val, 2 år
Medlem	Eli Randmo	på val, 2 år
Medlem	Henry Myrdal	Utfyllingsval, 1 år
Medlem	Stig Indrebø	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Ingunn Skjelvan	ikkje på val, 1 år att
Varamedlem	Endre Brunstad	på val, 1 år
Varamedlem	Hans Nyeggen	på val, 1 år
Varamedlem	Berit H. Lappegård	på val, 1 år

#### Fond og Eigedom

Leiar	Frode Myhra	på val, 1 år
Medlem	Brit Sørland	på val, 2 år
Medlem	Torgrim Ljones	på val, 2 år
Medlem	Endre Kleiveland	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Oddrun Samdal	ikkje på val, 1 år att

#### Folkedanslaget

Leiar	Sigrid Ølmheim	på val, 1 år
	Hanna Kvalheim	
Medlem	Hekkelstrand	på val, 2 år
Medlem	Silja Solvang	på val, 2 år
Medlem	Sindre Vatnehol	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Guro Haugen	ikkje på val, 1 år att

#### Ungdomsgruppa

Medlem	Borghild M. Opdahl	på val, 2 år
Medlem	Birgit Årdalsbakke	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Maria Nordås	ikkje på val, 1 år att

#### Barnelaget

Leiar	Monika Antun	ikkje på val, 1 år att
-------	--------------	------------------------

Medlem	Berit Røgelstad	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Torbjørn Haukås	på val, 2 år

#### Kor e Tonen

Leiar	Bjørn Feltens	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Martina Skauge	på val, 2 år
Medlem	Ingrid Hope	ikkje på val, 1 år att
Vara	Anders Bratteli	på val, 1 år
Vara	Kjerstin Andersen	på val, 1 år

#### Teater

Leiar	Ingvild Solberg	på val, 1 år
Medlem	Ben-Ove Vedøy	på val, 2 år
Medlem	Kristin Mills	ikkje på val, 1 år att

#### Spelmannslaget

Medlem	Svein I. Støve	på val, 2 år
Medlem	Sissel Ingunn Nordstad	Utfyllingsval, 1 år
Medlem	Ida Marie Rongsvåg	på val, 2 år

#### Gimlingane

Medlem	Gunn Wergeland	på val, 2 år
Medlem	Laila Årdal	ikkje på val, 1 år att

#### Blad & Blest

Leiar	Endre Kleiveland	på val, 1 år
	Hanna Kvalheim	
Medlem	Hekkelstrand	på val, 2 år
Medlem	Maria Skjeldrum Toppe	på val, 2 år
Medlem	Torbjørn B. Lauen	Utfyllingsval, 1 år
Medlem	Nina Blågestad	Utfyllingsval, 1 år

#### Hyttenevnda

Leiar	Knut Malkenes	på val, 1 år
Medlem	Berit H. Lappegård	på val, 2 år
Medlem	Hans Nyeggen	ikkje på val, 1 år att

#### Representantar til Rådet i Bygdelagsnemndi

Repr.	Eldbjørg Gunnarson	på val, 1 år
Repr.	Endre Brunstad	på val, 1 år
Vara	Else Nessen	på val, 1 år

#### Ettersyn

	Halvor Røyset	på val, 1 år
--	---------------	--------------

Vara	Lars Olav Tveita	på val, 1 år
	Oddlaug Oppedal	på val, 1 år

#### Valnemnda

Leiar	Sigrid Ølmheim	på val, 1 år
Medlem	Ingvild Hovland	på val, 1 år
Medlem	Øystein Ask	på val, 1 år
Medlem	Rigmor Nesheim Vaular	på val, 1 år
Medlem	Kristine Gabrielsen	på val, 1 år

#### Selsvikklubben

Leiar og kontaktperson	Bente E. Birkeland	på val 1 år
------------------------	--------------------	-------------

Valnemnda gjer framlegg om at Lagsstyret får fullmakt til å skaffe all representasjon.

Borghild M. Opdahl takka ordstyrarane for jobben. Og takka Håvard Ims for jobben som lagsleiar. Han får ein blome seinare. Stig Vaular fekk blome og gode ord, som takk for jobben i styret.

Vel heim.

Møtet slutt kl. 21.05

Skrivarar: Gro Vetås og Terje Furenes

  
Kirsten Brekke

  
Sigrid Ølmheim